



VOLDA KOMMUNE

HAMNEAVGIFTER

**MED
BETALINGSSATSAR
OG
REGLEMENT**

KAIavgIFT

Berekningsgrunnlag for kaiavgift

Alle fartøy med unntak av dei som er nemnt i pkt, skal betale kaiavgift for bruk av kommunale kaier etter følgjande satsar:

Kr 0,25 pr. brutto registertonn.

Kaiavgift for fritidsbåtar

For bruk av kommunal kai, skal fritidsbåtar betale følgjande avgift:

Båtar under 10 meter betalar kr. 50,- pr. påbyrja døgn.
Båtar over 10 meter betalar kr. 75,- pr. påbyrja døgn.

Grunnlag for ilegging av kaiavgift

- a) kaiavgifta skal betalast pr. påbyrja døgn liggetid.
- b) Liggetida vert rekna frå fartøyet legg til og inntil det går frå kai. Det skal betalast kaiavgift for minst eit døgn. Påbyrja del av døgn under 6 timar eller mindre vert rekna som halvt døgn. Påbyrja del av døgn over 6 timar vert rekna som heilt døgn.
- c) Fartøy som fortøyer utanfor eit anna fartøy som ligg ved kai, betaler kaiavgift som om fartøyet var fortøyd i kaia.
- d) Fartøy som får løyve til opplagsplass utover 30 dagar, kan etter avtale med Volda kommune få redusert kaiavgifta.
- e) Orlogsfartøy, både norske og utanlandske er fritekne for kaiavgift.
- f) Rutegående farty er fritekne for kaiavgift.
- g) Båteigarar som har avtale med Volda Småbåtlag om betaling for fast bøye eller bryggeplass, skal ikkje betale særskilt avgift til Volda kommune.
- h) Fiskefartøy som omset fangst direkte til forbrukar ved kommunal kai, betalar for maksimum 3 døgn pr kalendermånad

Alle farty, enten dei er fritekne for kaiavgift eller ikkje, pliktar å ta den plassen som vert tilvist frå kommunen. Dersom det er naudsynt kan kommunen seinare krevje forhaling eller flytting av fartøy.

VAREavgIFT

For varer som vert lasta eller lossa over kommunal kai, skal det betalast ei vareavgift som vert utrekna på grunnlag av sendinga si bruttovekt for vektvarer og etter bruttomål for kubikkvarer.

Tilhøvet mellom bruttovekt og volum = 1 : 2, 1 tonn = 2 kubikk meter = 60 kubikkfot, og vert å betale etter følgjande takstar:

- a) Kr 10,- pr 1000 kg vektvarer og kr 5,- pr kubikkmeter.
- b) Singel, sand, pukk, grus, asfalt og lignende, kr 2,- pr tonn.

Vareavgifta dekker lagring av varer på kaia eller kommunen sine areal inntil 48 timar etter at vara lossa eller lasta frå/til fartøy.

Varemottakar er ansvarleg for vareavgifta for inngåande varer, og vareavsendar for utgåande. Det skal likevel ikkje vere noko i vegen for at vareavgifta kan påleggast transportøren etter avtale, dersom avgifta er inkludert i frakta.

OPPLAGSAVGIFT

Varer som vert lossa og opplagd på kommunal kai eller grunn, må snarast råd fraktast bort, dersom ikkje kommunen har gjeve løyve til lagring.

Varer som vert liggjande lagra over 48 timar (søn- og helgedagar, 1. og 17. mai er ikkje medrekna) pliktar eigar å betale opplagsavgift til Volda kommune for kvart døgn eller deler av døgn etter følgjande takstar:

Kr 4,- pr kvm

Kommunen er utan ansvar for varer som vert lagra på kommunal kai eller grunn. Dette gjeld både skade på vare og sikring/avsperring av lagerplass.

Takstane gjeld for inneverande budsjettår, og kan endrast i samband med budsjettet for 2007.